

# Åtvarar om å lage flaskehals på fv. 615

Gloppen kommune ber Vestland fylkeskommune om å justere eit planlagt utbetringstiltak ved Solheim bru.

Benedikte Grov  
benedikte@firdatidend.no

Vestland fylkeskommune plannlegg eit arbeid med ny Solheim bru og ei tilhøyrande vegutbetring på fylkesveg 615.

I eit brev til fylkeskommunen gjer Gloppen kommune merksam på at den planlagde breidda på køyrebanen vil henge dårlig saman med eksisterande utbetring lenger sørvest på strekninga, og at det vil skape ein flaskehals.

## – Blir ein flaskehals

Kommunen opplyser at den nye brua får ei køyrebane på 5,5 meter mellom kvitstripene.

Allereie 125 meter sørvest og 160 meter nordaust for brua smalnar vegen inn til 3,5 meter mellom midtstripene. Kommunen påpeiker at det i sørvest er berre kring 55 meter før vegen blir utvida med inntil 1,2 meter etter ei punktvis utbetring som vart gjort i 2020.

– Resultatet av den planlagde løysinga er at det blir ein flaskehals mellom utbetringa fra 2020 og det pågående tiltaket ved Solheim bru. Dette blir forsterka av at innsnevringa kjem i eit



Gloppen kommune ber fylkeskommunen justere eit planlagt utbetringstiltak på fylkesveg 615. FOTO: ARHIV

bakketoppområde, samtidig som fartsgrensa aukar frå 60 til 80 km/t, skriv kommunen i brevet.

– **Må sjå tiltaka i sammenheng**  
Frå kommunen si side blir det

understrekka at tiltaket på fylkesvegen er svært positivt og vil bety mykje for tryggleik og framkome for trafikantane, men ber fylkeskommunen vurdere å sjå dei to tiltaka i sammenheng. Konkret oppmodar

kommunen om at den planlagde vegutbetringa blir forlenga slik at ein ikkje får ein flaskehals.

– Ei slik løysing vil både betre trafikksikkerheita og sikre at dei investeringane som alt er gjort i vegen kjem best mogleg til nytte,

heiter det frå Gloppen kommune. Vegselskapet Midtvegen AS har tidlegare påpekt tilsvarende problemstilling overfor Vestland fylkeskommune.